



Gil Edwards i Dønhaugkjedlaren ved eit tidlegare høve. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fyrstkomande laurdag (07. februar) vert det gjenhøyr med den amerikansk-fødde artisten, Gil Edwards i Dønhaugkjedlaren.

Gil har vitja Dønhaug fleire gonger tidlegare , og han har såleis fått mange tilhengarar her i kommunen. Han er ein fantastisk muskar og ein artist utanom det vanlege. Han kjem opphavelg frå Oregon i USA, men har no slått seg ned i Ålesund-distriktet.

Gil har gitt ut fleire CD-ar i fleire land, og er i dag ein av dei mest ettertrakta og best betalte trubadurar i Norge.

Musikken til Gil Edwards spenner over eit vidt spekter, alt frå country/roots, til blues, rock, m.m. Han presenterar både eigne låtar og cover-låtar frå andre artistar. Gil kan spela det meste, og er difor open for å oppfylla musikk-ynskjer frå gjestene.

Gil Edwards er kjend for å skapa utruleg god stemning der han opptrer, og er ein artist som ein absolutt må opplevast "live".

Etter arrangementet går det buss frå Uskedalen sentrum til Husnes/Utåker

Magne Huglen